



Vardebrenninga på Skorpo i morgon kveld vil vera godt synleg i Uskedalen.

I morgon kveld frå klokka 20 vil det vera vardebrenning på Skorpefjellet. Vardebrenninga er ein del av ein landsdekkande protest mot Regjeringa sitt framlegg til ny langtidsplan for Forsvaret. Eit av tiltaka er å redusera Heimevernet sin funksjon og rolle i samfunnet.

Yngve Roseth Eik er kontaktperson og ansvarleg for vardebrenninga i Uskedalen. Aksjonen har fått namnet: Vardebrenning 2016/ Aldri meir 9. april. Varden på Skorpo er ein av 65 vardar i 55 kommunar som skal brukast i morgon. Talet vil truleg auka utover dette.

Føremålet er å bevisstgjera og åtvara norske veljarar om risikoen med dei tiltaka som no er gjort framlegg om. Det gjeld ikkje minst det lokale Heimevernet sin funksjon og rolle i framtida. Det må vera eit krav at minst 2 % av brutto nasjonalprodukt (BNP) skal brukast på forsvar og tryggleik i åra framover.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal